

Paa sjøen

Tone: Jag haver i pulten et hemmelig lukke

1) Naar berre eg kunde so godt som eg vilde
so skulde eg gjeva deg ungdom ein song
Men no er eg gammal og lyt bruka brille
og difor det fatlast no ender og gong
Men kjære deg ungdom du lyt vera snild
:/: og syngja paa songen- det er det eg vil:/:

2) Aa kjære deg ungdom – d’er vakkert aa syngja
daa særleg paa sjøen naar veret er godt
Endaa her er mangtslag som livet vil tyngja
og ulukka koma kan snarleg og braadt
Men ungdom er ungdom – og vera det maa
:/: den ukomne plaga me tenkjer ’kje paa:/:

3) Me set oss eit maal – ja so høgt som me kunna
til fridom og kunnskap – til gleda og frygd
Og heil etter lukka me lengtar og stundar
paa sjo og paa landet – mor Norig sin pryd
Uppetter! Og fram! Er vort løsen aa ja
:/:Dei eldgamle fedrar og stræva paa da:/:

4) Som Isak me og vilja leit’ oss ei kona
og so som Rebekka me ynskj’ oss ein mann
Me og vilja elska og løna og laana
og fremja all dugleik so godt som me kann
Me skynar so vel og me vita det no
:/: at heimen maa byggjast – for heimen er god:/:

5) Kvifor skal me umgdomar ganga og syta
som heve vaar helsa og livskraft so god
Me høyrer dei gamle dei ganga og kyta
at eingong dei og like motige stod
Nei ut! Me vil ut aa sjaa oss ikring
:/:Ja sjaa pei store – dei viktuge ting:/:

6) Aanei kva her er for oss alle aa gjera
Her heime og burte – paa land og paa sjø
Eg meiner me alle lyt onnige vera
for alle me trengja det daglege brød
Upp gutar og gjenter – me kvikkar oss no
:/: me elskar det gode som veks og vil gro:/:

7) Naar sildi og fiske sig inn under landet
daa trenges no baatar aat garn og aat not
Aanei for ein rikdom det er nedi vatnet
Jau, sligt sku’ me meina gjev ungdomen mod
Me barka og bøter – me tvinnar og spinn
:/:me kverka og saltar so mest som me vinn:/:

8) Med liner og snøre – med garn og med teine
med krok og med ljøster – med harpun og med lodd
Og teine paa tusundvis bitt me av eine
Tenk- hummar og aal – det er mat for han Odd
Med makrel og kveita – med laks og med aur'
:/: me bala og stræva – me kryp som ein maur:/:

9) Upp gutar og gjentor her er til aa gjera
for langt utpaa havet gjeng storsildestim
Stans gutar og gjentor! I landet me vera
I høgaste fjelli der koka dei brim
Stans ungdom og syng: Vi vil elska vaart land!
:/:Vorherre han veit nok aa hjelpa oss han:/:

10) Syng ungdom, syng naar du garni skal draga
Naar veret er vakkert daa er det saa vænt
Syng ungdom syng naar til brudlaup du lagar
Vaarherre han steller no alting so pent.
Syng ungdom – ja syng du vil elska di brud
:/: men syng framum alt: du vil elska din Gud:/:

I. I. Kaardal